

forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Rauma kommune

Dato: 04.07.2019

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, DNT Romsdal, Møre og Romsdal 4H og fire speidarkretsar tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.


Uttale til detaljregulering for Romsdalsgondolen, Åndalsnes

Vi viser til offentleg ettersyn av detaljreguleringsplana for Romsdalsgondolen, Åndalsnes med høyringsfrist 18 august 2019.

Saka vedkjem korvidt ein skal leggje til rette for å byggje ei gondolbane frå Åndalsnes opp til Nesaksla samt diverse sørvisanlegg på Nesaksla. Slik vi ser formålet med reguleringa er det å få etablert ein turistattraksjon i eit urørt område av Romsdalsnaturen. Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) ønskjer ikkje etablering av gondolbane og andre turistanlegg på denne staden. Vi vil i det følgjande gjere greie for vårt syn.

Den tilrettelegginga som no er gjort i seinare år på strekninga Åndalsnes – Venjesdalen kalla Romsdalseggen er enkel i den forstand at det berre er oppgradering av ein gamal sti. DNT Romsdal har vore delaktig i dette i den forstand at dei har vore anleggsansvarleg for opprusting av første stibiten frå Venjesdalen samt at foreninga har driftsansvaret for heile stien. I føremålet til våre turistforeningar står det at dei ønskjer å bidra til enkel tilrettelegging på naturens premissar til beste for folks helse. Dette står ikkje i samsvar med å frakte folk i ei gondolbane til fjells.

Vi les av planomtala at alle byggetiltak skal gjerast med minst mogleg inngrep i terrenget. Større bygningsvolum skal delast opp, eller terrasserast, og følgje eksisterande terrenget. Så les vi at delar av anlegget (hotellhyttene?) skal etablerast på enkle fundament/pelar, utan behov for sprenging/planering i terrenget. Dette med peling eller «flygande» bygningskroppar er noko som har kome dei seinaste åra og blir brukt som argument om at det er skånsomt mot naturen. Godt mogleg at det blir mindre sprenging/tippar/etc med denne byggjemetoden, men det er



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

framleis like mykje folk i urørt natur og like visuelt forureinande med slike «fuglekasser» i opent lende fordi.


Det er ikkje i tvil om at etablering av gondolbane med herlegheiter i form av tilbod på Nesaksla vil gjere at folk som normalt ikkje hadde kome seg dit vil kome seg dit. Slik sett vil det gjere fjellområdet tilgjengeleg for fleire brukargruppar. Men no trur no vi at dei som ville ha best av å gå stien opp berre vil ta bana opp og så ned att og såleis ikkje nytte seg av tilboden om å gå ned att. Og så var det dette med å bruke argumentet om å opne areal for grupper som ikkje brukar eller kjem seg fram til området i dag (turistar, småbarnsfamiliar, eldre, funksjonshemma osv). Det blir heilt feil; vi kan ikkje lage vegar og gondolbaner på alle fjell og ofre naturen med orsaking dei som ikkje kjem seg dit i dag. Vi vågar nok den påstanden ja at det å lette tilgjengelegheten til Nesaksla har ingenting med folkehelse å gjere.

I dei seinare åra har det norske samfunnet oppleve utallige redningsaksjonar av folk som har tulla seg bort i norsk natur og treng hjelp til å kome seg heim att. Å frakte mange uføre opp på Nesaksla er vel meir eit skrekkscenario for det lokale Røde Krossen/Alpine redningstenesta som vil få denne utfordringa i fanget i fritida si.

Slik vi les hovudideen til søknaden, er denne basert på cruiseturisme. Vi trur vi er betre tent med å tenke meir berekraftig turisme og tenker då på ein meir opplevelsebasert og naturvenleg turisme der du sette den besøkjande i høgsetet. Ein tur på stiane vi har, gjerne Romsdalseggen, er ei oppleveling som du kjenner i kroppen framfor å sitte på ein stol å bli presentert norsk Natur.

Regjeringa vurderer akkurat no å gi Romsdalseggen status som nasjonal turiststi, men dette lar vente på seg grunna gondolplanane. Fram til no har det vorte tildelt midlar til forbetringstiltak av stien i form av sherpaarbeid i regi av DNT Romsdal, og det blei tildelt ei økonomisk støtte til informasjonstiltak i regi av Romsdal Reiseliv og Handel, samt forprosjekt for Romsdalseggen i regi av Norsk Tindesenter. Forprosjektet skulle resultere i ei forvaltningsplan for Romsdalseggen 2019-2029. Toalett lå ikkje inne i tildelinga i fjar, men det blir realisert i år og neste år gjennom omorganiseringen av ansvar for Romsdalseggen som har skjedd i Rauma den siste tida med Romsdal AS, Norsk Tindesenter osv. Det er nettopp gondolplanane som gjer at Romsdalseggen må vente på å få denne statusen som nasjonal turiststi. Dette då vilkåra for denne statusen er at det ikkje skal skje unødige inngrep i norsk natur, fleire redningsaksjonar eller meir forsøpling. Her må nok Rauma gjere eit val mellom – gondol mm og Nasjonal turiststi – mellom cruiseturistar i fjellet eller fotturister som legg att pengar lokalt, overnatta, gjer aktivitetar i området og oppleve natur.

Rauma kommune har etterkvart opparbeidd seg eit nasjonal status innan friluftsliv med den største friluftssamlinga i landet - Fjellfestivalen. Vi håper Rauma kommune er seg bevisst det ansvaret kommunen har for å føre vidare dei gode norske friluftstradisjonane basert på ein naturvenleg tilrettelegging i norsk natur.



**forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal**

Forum for Natur og Friluftsliv synes det er viktig å sikre eit naturvenleg friluftsliv i Noreg for framtida, og det er viktig at reiselivssatsinga blir meir berekraftig og dermed meir naturbasert enn ho har vore til no. Vi trur at Romsdalseggen som no er eit sentralt turmål i nasjonal- og internasjonal samanheng, vil bli forringa av gondolbana. Vi rår difor Rauma kommune til å ikkje tillate bygging av gondolbane m.m. slik det her er omsøkt.

helsing

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal